

FORSKRIFT OM FRIST FOR HAUSTSPREIING AV HUSDYRGJØDSEL PÅ ENG I VOLDA KOMMUNE

Volda kommunestyre viser til forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer m.v av organisk opphav og fastset ny lokal forskrift med slik ordlyd:

Forskrift om frist for haustspreiing av husdyrgjødsel på eng i Volda kommune.

Fastsett av Volda kommune den 20.06.06 med heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer m.v. av organisk opphav, § 23.

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å fastsetje ein eigen frist for spreiiing tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen innafor vilkåra i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer m.v. av organisk opphav, § 23.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld heile kommunen.

§ 3. Spreietidspunkt

Spreiing utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde bør gjerast så tidleg i vekstsesonen at det gjev næring til gjenvekst som kan haustast, og seinast innan 01. oktober.

§ 4. Iverksetjing

Forskrifta vert iverksett straks.